



17.11.2020

# Fagplan Bjørnehiet SFO Leikanger barneskule



Siri Randen  
SOGNDAL KOMMUNE

## **KVALITESPLAN FOR BJØRNEHIET SFO LEIKANGER**

### **Føremål.**

Skulefritidsordninga (seinare kalla SFO) er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utover skuletid for 1. – 4. årssteg, og for barn med særskilde behov på 1. –7. årssteg. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. SFO skal gje barna omsorg, tilsyn og gode utviklingsvilkår. Opplæringslova kapittel 9A, «Elevane sitt skulemiljø», omhandlar både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet til elevane. Krava til skulemiljøet gjeld og for Bjørnehiet SFO.

### **Leike- og opphaldsareal.**

Generelle krav som blir stilt til leike- og opphaldsareal i SFO er dei same krava som gjeld for skulen. Krava er dei som kjem fram av opplæringslova kapittel 9A, folkehelselova, arbeidsmiljølova, forskrift om miljøretta helsevern og plan- og bygningslova. Godkjenning av lokala blir gjort med bakgrunn i dette regelverket. Skulefritidsordninga skal nytte skulen sine lokale og uteområde. Areala både ute og inne skal vere eigna for føremålet. Det skal ved kvar skule vere lokale som skal tene som base for skulefritidsordninga.

### **Bemanning og leiing.**

Det er rektor på den einskilde skule som er fagleg og administrativ ansvarleg for SFO.

Rektor har ressurs på 8% som pedagogisk og administrativ leiar. Planleggingstid for tilsette vert innarbeidd i arbeidsåret. Dersom det i skulefritidsordninga er innskrive 60 barn eller meir, skal det som hovudregel tilsetjast dagleg leiar i heil stilling. Tid til leiing vert mindre dersom SFO har færre barn, men det skal setjast av minimum 20 % av heil stilling til leiing.

1 <https://www.ks.no/globalassets/blokker-til-hvert-fagomrade/arbeidsgiver/tariff-lov--og-avtaleverk/barnehageavtalen-sfs-2201---ny-avtale-01.01.2016--31.12.2017.pdf>

I tillegg til SFO-leiar skal det vere ein miljørettleiar/ fagarbeidar/assistent pr. 15 barn. Dersom det er elevar med særskilde behov, skal det tilsetjast bemanning etter behovet.

### **Tilsette – utdanning.**

Vi har fokus på vaksne med sosial kompetanse, barne – og ungdomsarbeidar, vernepleiar, miljøterapeut, barnehagelærer, sosionom, lærar og anna kompetanse som er knytt til det å jobba med barn. Personlege eigenskapar og verdiar er viktige for oss i Bjørnehiet SFO.

## **SFO leiar.**

Er med i SFO nettverk i Sogndal kommune og i arbeidsgruppa som vart oppretta hausten 2019.

SFO leiar er ein del av administrasjon på skulen og er deltakande på alle møter knytt til einskild barn i SFO.

For alle tilsette i Bjørnehiet SFO:

- Fem planleggingsdagar i året. Rektor/SFO leiar er ansvarleg for innhaldet.
- Personalmøte kvar veke.
- Kompetanseutvikling i form av kurs.
- Lærling: vi ønskjer å gi lærlingar under utdanning praksis innanfor SFO. Denne erfaringa gir eit viktig innsyn i barna sin kvardag. Lærlingen er med i undervisninga på skulen og i Bjørnehiet SFO i eit år.

Rektor jobbar for at ein under tilsetjing i SFO òg får tilbod om jobb i skulen om det let seg gjera.

## **Samarbeid skule – Bjørnehiet SFO.**

Skule og Bjørnehiet SFO må arbeida ut ifrå same pedagogiske plattform og ha same verdigrunnlag i møte med vaksne og barn.

- Bjørnehiet SFO er ein del av skulen sin utviklingsplan.
- SFO leiar deltek på foreldremøte for nye 1. steg på våren.
- Rektor deltek på personalmøte saman med personalet på SFO ein gong i mnd, og har møte med SFO leiar kvar veke.
- Ein finn informasjon om Bjørnehiet SFO på skulen si heimeside [leikanger.barneskule@sogndal.kommune.no](mailto:leikanger.barneskule@sogndal.kommune.no) under SFO informerer.
- SFO brukar Vismaflyt skule til påmelding/ending og oppseiing av plass i SFO.
- Informasjon til føresette blir sendt gjennom Visma.

## **Samarbeid Bjørnehiet SFO – heim.**

Våre oppgåver:

- Det blir utsendt vekeplan frå haustferie til påskeferie om aktivitetar i Bjørnehiet SFO.
- Onsdagar, som er ein lang SFO dag, har eige oppsett som går frå ferie til ferie.
- Vi tek kontakt med føresette om det er noko som skjer eller som uroar oss ved barnet ditt.
- Det skal ligge oppdatert informasjon på våre heimesider.
- Vi skal vera lydhøyre for føresette sine ønskjer innan det vi finn rimeleg.

### **Kva vi ønskjer av dykk som føreset:**

Vi ønskjer at Bjørnehiet SFO skal vera noko positivt for både føresette og barn. Vi ber om hjelp til dette frå dykk og at de er bevisst på korleis de omtalar Bjørnehiet SFO.

- De kan medverka i drifta vår ved å gje tilbakemeldingar direkte til oss, og i brukarundersøkingar.
- Respekterer vårt påmeldingsbehov i feriar og på elevfrie dagar og overhald påmeldingsfristar. Vi ringer heim dersom barnet ikkje er på plass innan kl. 09.30 i feriar.

### **Satsingsområda våre:**

#### **SUNN LIVSSTIL.**

- Sosial kompetanse
- Fysisk aktivitet
- Frileik

### **Sosial kompetanse.**

Vi ønskjer at det einskilde barnet skal få utvikle og styrke sjølvkjensla si, samt respektera og tolerera kvarandre sine ulikheiter. Vennskap og positive relasjonar skal stå sentralt i Bjørnehiet SFO sin kvardag. Vi skal ha tid for undring og vera nysgjerrige. Saman skal vi gleda oss over små og store "få det til opplevingar."

#### **Tiltak:**

- Vi syter for at barna blir godt kjende ved å ha aldersblanda grupper ein dag i veka med tilpassa aktivitetar.
- Vi jobbar med smågrupper rundt barn som treng hjelp til samhandling og kommunikasjon, eller andre utfordringar i barnegruppa.
- Vi har stort fokus på korleis vi er med kvarandre gjennom samtale ved høgtlesing med bøker som inneheld aktuelle tema.
- Personale har felles forståing for barnet og jobbar bevisst ilag.

#### **Medverknad:**

Barna er med på å bestemme tema som skal takast opp.

### **Fysisk aktivitet- og vera glad i naturen.**

Ved å la barna vera mykje ute, møter dei utfordringar som gir dei sjansen til å utvikla seg og bli robuste! Vi har fast utetid kvar einaste dag uavhengig av vær og vind. Vi brukar Holerunnane, Bjørnehiplassen og uteområdet v/ skulen som leike- og læringsarena for å nå dei måla vi har sett oss. Barna lærer å bli glade i og å ta vare på uteområdet og naturen. Vi kjøper inn utstyr som tilrettelegg for fysisk aktivitet og har mange ulike aktivitetar som har fokus på aktiv leik.

**Tiltak:**

- Vi har fokus på meistring for alle.
- Vi har aktivitetar både med lagspel og for kvart enkelt barn, alt på barna sine premisser.
- Vi legg til rette for ski om vinteren og har tilbod om sykling (tohjuls sykkel) til barna vår, sommar og haust.
- Vi følg idrettsarrangement i bygda og laga vår eigen versjon som gjer at alle kan vere med.

**Medverknad:**

Barna kjem med forslag til aktivitetar ut frå egne ønskjer og meistring.

**Kultur- og handverksaktivitetar.**

Vi har kulturelle aktivitetar som sviing av smalahove, baking av tjukklefse og folkedans. Andre aktivitetar vi har er sløyd, dans, musikk, song, teater, maling, kreativ aktivitet med naturmateriale, strikking, sying, spikking og mange andre aktivitetar knytt til årstidene. Sjå årsplan.

**Medverknad.**

Barna er med i prosessane og er med på både utforming, deltaking, publikum og som ansvarleg for prosjekta våre. Dei er med på å bestemme korleis vi gjer dette.

**Tiltak:**

- Vi brukar kompetansen den enkelte av personalet har og deira sterke sider.
- Vi brukar lokalhistorie og kjende personar i nærmiljøet til å byggje kompetansen vår på gamle tradisjonar og kultur.

**Auka leselyst.**

Vi har fast høgtlesing frå haustferie til påske. Det gjev rom for å ta opp aktuelle tema gjennom året som førebyggjer mobbing, gjev sosial kompetanse. Barna blir interessert i bøker og vil gjerne låne bøkene etterpå og lese heime. Vi gjer dei kjent med at det er ulike bøker på biblioteket vårt på skulen og på folkebiblioteket. Oppfordrar dei til å lese.

**Medverknad:**

Borna er med på å velje bøker.

**Tiltak:**

- Vi har tilgang på bøker og teikneseriar på baserommet vårt.
- Vi reiser på besøk på biblioteket, der vi låner bøker og har lesestund.

**Våre mål og verdigrunnlag.**

Glede og humor skal prega Bjørnehiet SFO. Der skjer det noko heile tida, frå stor aktivitet med høglydt latter og leik, til rolege stunder med kos eller trøyst i armkroken. Det skal vera godt å vera på Bjørnehiet SFO. Vi må sikra oss at dei rammene vi har er trygge og varme. Barna skal oppleva at vi er glade i dei, og at vi tykkjer det er fint å vera i lag med dei.

Barna skal oppleva at dei er ein del av eit fellesskap der det er bruk for dei.

Samstundes skal dei vera med på å prega tilbodet slik at dei opplever at Bjørnehiet SFO er deira. Bjørnehiet SFO er ein del av skulen og skal ivareta barnas trong for tilsyn og omsorg i fritida deira. Organiseringa varierer mellom frileik, gruppeaktivitetar, ulike verkstader, ulike gruppeinndelingar og aldersspreiing.